

Møtebok

Sak nr.:	14/2010	Arkiv nr.:	612.1	Møtedato:	01.03.2010
Saksbehandlar:	Odd Repp				

FORSLAG TIL ENDRING AV FELTINDELINGA FOR ELG- OG HJORTJAKT.
 ENDRING AV JAKTTIDA FOR HJORT.
 ANDRE GONGS BEHANDLING.

Sakspapir:

- Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning med retningsliner.
- Fjellstyresak nr. 09/2010.

Saksutgreiing:

Fjellstyret gjorde på møte den 8.2.2010 samrøystes vedtak om leggje ut dette forslaget til endring av jaktordninga for elg- og hjortjakta til offentlig gjennomsyn, med frist til å kome med merknader til forslaget innan den 25.2. d.å.:

1. *"Jaktida for hjort vert endra frå perioden 20.9. – 31.10. til perioden 20.9. – 15.11.*
2. *Jaktfeltet Visdalen/Leir- og Bøverdalen vert delt i to felt for elg- og hjortjakta: Bøverdalen/Høydalen som det eine, og Visdalen/Leirdalen som det andre. Grensa mellom desse vert rv. 55 frå allmenningsgrensa ved Fjellro opp til tråa til tamreinlaget på Bøverkinnhalsen. Frå der går grensa langs Langranden og opp mot Loftet, som vist på vedlagte kart.*
3. *Storviltjakta vert sett bort i periodar på to år.*
4. *Fylgjande plan for kvotar og rullering mellom innanbygds og utanbygds lag gjeld for perioden 2010-2015:"*

ÅR/JAKTFELT	VÅRDALEN/SMÅDALEN		BØVERDALEN/HØYDALEN		VISDALEN/LEIRDALEN	
	Innanb.	Utanb.	Innanb.	Utanb.	Innanb.	Utanb.
2010		1 elg		3 elg/2 hjort	3 elg/2 hjort	
2011		1 elg		3 elg/3 hjort	3 elg/2 hjort	
2012	1 elg		3 elg/2 hjort			3 elg/3 hjort
2013	1 elg		3 elg/2 hjort			3 elg/3 hjort
2014		1 elg	3 elg/2 hjort		3 elg/2 hjort	
2015		1 elg	3 elg/2 hjort		3 elg/2 hjort	
Total	2 dyr	4 dyr	20 dyr	11 dyr	20 dyr	12 dyr
	Innanbygds 61 % av tot. antal dyr			Utanbygds 39 % av tot. antal dyr		

Forslaget vart samstundes sendt til viltnemnda til eventuell uttale. Denne hadde ingen merknad til forslaget.

Det kom inn merknader til forslaget frå Arve Vole, som hadde teke initiativ til eit møte med jaktlagsleiarane innan Bøverdalen viltområde, opplista i desse punkta:

- 1) *"Dele feltet og få full jakttid på baa felta.*

Møtebok

- 2) *Vi ynskjer at det skal vera godkjent ettersøkshund-ekvipasje på kvart jaktlag. Dette er svært viktig nå ettersom det kjem framande jaktlag hit for å jakte. Dette for å forvise seg om at det er seriøse jaktlag som kjem hit.*
- 3) *Rullering på jaktlaga så det ikkje blir same jaktlaget som får jakt fleire periodar på rad. Rulleringa må gå i minst fem år.*
- 4) *At det blir 2 års kontraktar på elg og hjortejakta og at jakttida blir utvida på hjorten til 15.11.*
- 5) *Det må bli anledning til overgang mellom felta når det eine laget er ferdig med grunnkvoten på elg og hjort.*
- 6) *Rullering på felta innan den 2-årsperioden, med lik kvote så fordelinga innanbygds/utanbygds blir lik. Visst ikkje, ynskjer vi flest dyr på innanbygdslaget.*
- 7) *Dersom det skulle vise seg at det blir jakt att i Gjende, så må dette opp til ny vurdering for å sjå på om kanskje Smådalen/Gjende kan bli aktuelle for utleige til utanbygds lag i staden for Leir- og Bøverdalen.*
- 8) *Grensa bør vera rv. 55 for å få ei grense som det ikkje vil bli nokon tvist om. Ved deling på Langranden kan det bli problem når ein jaktar under Loftet og driv mot reinsbrakka.*
- 9) *Vi er redde det begynner å bli for stor stamme av både elg og hjort, så vi trur kvotene må vurderast.”*

Opplysningar og merknader:

Merknader til dei ymse punkta:

- 1) Dette er i samsvar med forslaget.
- 2) Dette er vilkår som vi må ta inn i jaktavtala med jaktlaga. Det har ikkje vore sett krav om at jaktlaget sjølve skal ha ettersøkshund etter at fjellstyret overtok forvaltninga av jakta.
- 3) Det bør fastsetjast rutiner for tildeling av jakta slik at dei som har hatt jakt ein periode, stiller bakerst i køen ei tid. Samstundes må det også definerast kor stor utskifting det skal til i eit jaktlag for å kunne si at det er eit nytt lag.
- 4) Dette er i samsvar med forslaget.
- 5) Dette er forhold som må avklarast i kontrakta med jaktlaga. Det vil vera naturleg at det blir høve til overgang mellom felta når grunnkvoten er fylt på det eine feltet.
- 6) Fellingsløyva er prøvd delt slik at det etter ein periode på 6 år blir mest mogleg lik 60/40 fordeling mellom innanbygds og utanbygds. Men med den bestandsutviklinga som har vore i Bøverdalen dei siste to-tre åra, bør kvotane vurderast på nytt att framfor kvar sesong. Det er derfor nokså sikkert at kvotane og avskytinga etter endt periode vil bli noko annleis enn det framsette forslaget.
- 7) Ei rullering på felta innanfor to-årsperioden vil truleg vera problemfritt for eit innanbygds lag, men for utanbygds lag vil det sannsynlegvis vera mest ynskjeleg å behalde same feltet bae åra.
- 8) Når det blir jakt at i Gjendeområdet, må planen for fordeling mellom innanbygds og utanbygds vurderast på nytt.
- 9) Å bruke rv. 55 som grense heile strekkinga til fylkesgrensa, er truleg ei greiare grense å ha enn den som er foreslege.
- 10) Ei høgding av kvotane vil bli vurdert av viltutvalet for Bøverdalen viltområde når søknad om godkjenning av kvotane skal sendast viltneimnda.

Møtebok

Vedtak:

Fjellstyret gjer vedtak om desse endringane i jaktordninga for storvilt:

1. ”Jakttida for hjort vert endra frå perioden 20.9. – 31.10. til perioden 20.9. – 15.11.
2. Jaktfeltet Visdalen/Leir- og Bøverdalen vert delt i to felt for elg- og hjortjakta: Bøverdalen/Høydalen som det eine, og Visdalen/Leirdalen som det andre. Grensa mellom desse vert rv. 55 frå allmenningsgrensa ved Fjellro opp til fylkesgrensa på Sognefjellet, som vist på vedlagte kart.
3. Storviltjakta vert sett bort i periodar på to år. Det skal vera ei rullering slik at det jaktlaget som har hatt jakta ein periode, stiller sist i køen att den neste perioden. Rulleringa gjeld for tre periodar, slik at eit jaktlag som har hatt jakt ein periode, stiller bak ”nye” lag att dei tre etterfylgjande periodane. For at eit lag skal definerast som ”nytt”, må jaktlagsleiaren vera ny og minst 60 % av laget vera utskifta. På felt med kvote på tre dyr eller meire, skal jaktlaget ha minimum 6 deltakarar.
4. Fylgjande plan for kvotar og rullering mellom innanbygds og utanbygds lag gjeld for perioden 2010-2015:”

ÅR/JAKTFELT	VÅRDALEN/SMÅDALEN		BØVERDALEN/HØYDALEN		VISDALEN/LEIRDALEN	
	Innanb.	Utanb.	Innanb.	Utanb.	Innanb.	Utanb.
2010		1 elg		3 elg/2 hjort	3 elg/2 hjort	
2011		1 elg		3 elg/3 hjort	3 elg/2 hjort	
2012	1 elg		3 elg/2 hjort			3 elg/3 hjort
2013	1 elg		3 elg/2 hjort			3 elg/3 hjort
2014		1 elg	3 elg/2 hjort		3 elg/2 hjort	
2015		1 elg	3 elg/2 hjort		3 elg/2 hjort	
Total	2 dyr	4 dyr	20 dyr	11 dyr	20 dyr	12 dyr
	Innanbygds 61 % av tot. antal dyr			Utanbygds 39 % av tot. antal dyr		

Kvotane kan bli endra, men vil bli tilpassa slik at fordelinga totalt sett etter heile planperioden skal verta tilnærma lik 60/40.

5. Jaktlaga skal ha eigen ettersøkshund i laget.
6. Ved fylt grunnkvote på eitt av felta skal det andre laget kunne jakte på heile allmenningsfeltet. Bestemmelsar om dette må takast inn i kontrakta med jaktlaga.

Samrøystes.

Vedtaket vert lagt ut til offentleg ettersyn frå den 2.3.2010 med frist til å kome med merknader innan den 24.3.2010.

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskenemnd
- Lom jeger- og fiskerforening v/Eilev Hellekveen, 2686 Lom
- Arve Vole, 2687 Bøverdalen